Etter forvaltningsloven § 35 første ledd bokstav c kan et forvaltningsorgan oppheve sitt eget vedtak, dersom vedtaket er ugyldig. Et vedtak som er basert på et uriktig faktum vil normalt anses ugyldig dersom feilen kan ha virket inn på vedtakets innhold. Det kreves ikke sannsynlighetsovervekt for at vedtaket hadde blitt et annet dersom riktig faktum hadde blitt lagt til grunn. Det er tilstrekkelig at det framstår som en *reell mulighet* at vedtaket hadde blitt et annet.

Klagevedtaket vårt bygde blant annet på ei faktisk forutsetning om at det ikke hadde vært installert ovn i helleren tidligere og om at verneområdestyret hadde lagt avgjørende vekt på dette.

På bakgrunn av de nye bildene i saken legger vi til grunn at forutsetninga om at det ikke hadde vært installert ovn tidligere var uriktig. Vedtaket vårt er dermed bygd på et uriktig faktum. Vi mener videre at det framstår som en reell mulighet at saken hadde fått et annet utfall, dersom korrekt faktum hadde blitt lagt til grunn. Mye taler derfor for at vedtaket vårt må anses ugyldig. Vi opphever derfor vedtaket vårt i klagesaken

Det framstår imidlertid ut fra sakens dokumenter som uklart hvor tung vekt styret la på akkurat denne delen av faktum, da det avgjorde saken. Slik saken står finner vi det riktigst at styret selv vurderer hvilken betydning det har for styrets vedtak at det nå er dokumentert at helleren også tidligere har hatt installert ovn. Vi sender derfor saken tilbake til styret for ny forberedende klagesaksbehandling uten å oppheve styrets vedtak.

## Følgene av dette vedtaket

Konsekvensen av vårt vedtak er at styrets vedtak av 8. mars 2021 inntil videre står som det gjeldende vedtaket i saken.

Styret må imidlertid foreta ny forberedende klagesaksbehandling i tråd med reglene i forvaltningsloven § 33. Dette innebærer at styret skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn for. Styret kan fatte vedtak om å oppheve eller endre vedtaket sitt dersom de mener klagen gir grunnlag for det. Dersom styret mener den nye dokumentasjonen ikke gir grunn til å endre vedtaket, skal saken sendes til Miljødirektoratet for ny klagebehandling.

Hilsen  
Miljødirektoratet

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent*

Ivar Myklebust  
avdelingsdirektør

Knut Fossum  
seksjonsleder



## Kopi til:

Mariann Uglehus Andersen

Bakhei 4

4708

Vennesla

## Vedlegg

- 1 Fwd: Vedtak i klagesak om gjenoppbygging av kulturhistorisk bygg i signesdalen sak 2021/5996
- 2 6F7075A6-830D-47A5-B418-0D985FF1D26D
- 3 57A25406-B3BC-4B50-98BE-853D629FA96A



**Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 504  
4804 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Setesdalsmuseet Rysstad,  
Setesdalsvegen 3273, 4748  
Rysstad

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47  
finavjth@statsforvalteren.no  
www.svr.no

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2022/5389-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 09.06.2022

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	27/22	20.06.2022

## Oppnemning av vararepresentantar til arbeidsutvalet i verneområdestyret for SVR.

### Forvalters innstilling

Det vert oppnemnd vararepresentantar til arbeidsutvalet i verneområdestyret for SVR. Verneområdestyret oppnemner følgjande to faste vararepresentantar:

Første vararepresentant -  
Andre vararepresentant -

### Saksopplysninger

Verneområdestyret skal i denne saka ta stilling til om det skal oppnemnast vararepresentantar til arbeidsutvalet i verneområdestyret. Vidare kven som i så fall skal veljast som vararepresentantar. I dag er det berre for verneområdestyret det er oppnemnd vararepresentantar. Desse er vald som personlege vararepresentantar.

Bakgrunnen for saka er følgjande merknad i protokollen frå arbeidsutvalet i møte 2.5.2022, sak 20/22 : *Styreleiar ber forvaltningssekretariatet komme tilbake til styret med ei sak om hvordan vi skal håndtere at et medlem i AU er sykmeldt.*

Forvaltar vil legge til at spørsmålet om oppnemning av vararepresentantar til AU også har komen opp med jamne mellomrom til møte i AU der representantar har meldt forfall.



### *Formell bakgrunn for vurdering av saka*

Oppnemning av vararepresentantar til arbeidsutvalet er ikkje særskild regulert i vedtektene for verneområdestyret dagsett 1.1.2020. Det er difor opp til verneområdestyret sjølv å vurdere dette.

Forvaltar har vore i kontakt med Miljødirektoratet v/Olav Nord-Varhaug. Følgjande attendemelding er gjeven:

*Det er ingen faste reglar for korleis ein skal velja vara til AU. Det er opp til styret å velja AU og derfor og opp til dei å velja vara. Eg vil tru det mest praktiske vil vera at nokre av dei andre faste representantane i styret er var for dei som sit i AU, men det er opp til styret. Det er og opp til styret om ein skal ha personlege varamedlemmer for dei faste eller om ein skal ha ei varaliste i rekkefølge der nr ein på lista trer inn uavh av kven som er borte.*

Dagens arbeidsutval vart oppnemnd av verneområdestyret i møte 23.1.2020 og med representantar lista opp nedanfor. Arbeidsutvalet har høvesvis 8 – 10 møte i året. I all hovudsak som teams-møte.

Jonny Liland (Sirdal kommune)  
Inger Lise Stulien (Åseral kommune)  
Steinar Kyrvestad (Valle kommune)  
Gerd Helene Bø (Suldal kommune)  
Bjørn Laugaland (Hjelmeland kommune)

### **Vurdering**

Forvaltar ser det som ein fordel at arbeidsutvalet jamt over er fulltalige i møte. Med oppnemning av vararepresentantar til arbeidsutvalet står ein betre rusta her. Som verneområdestyret er kjent med er ein av representantane i arbeidsutvalet sjukemeldt. Signala er at vedkomande kjem attende over sommaren. Inntil vidare er det ein fordel om det er ein vararepresentant for vedkomande.

Om verneområdestyrte kjem til at det skal veljast vararepresentantar ligg val av desse fullt og heilt til verneområdestyret. Saka vert difor lagt fram utan innstilling av representantar. I det følgjande er det likevel teken med nokre synspunkt sett frå forvaltningssekretariatet si side.

Vararepresentant bør vera av dei som er fast representert i verneområdestyret. Venteleg er det desse som følgjer forvaltninga tettast gjennom si deltaking på styremøta.

I verneområdestyret er det oppnemnd ein personleg vararepresentant frå kvar kommune og fylkeskommune. Til arbeidsutvalet bør det i staden vurderast å velje to faste representantar (første og andre vara) for å sikre betre kontinuitet.

I val av vararepresentantar til arbeidsutvalet bør det vektast at representantane har ei god geografisk spreining slik at ulike område har ei stemme inn i arbeidsutvalet.

Fylkeskommunane har to representantar i verneområdestyret men er i inneverande perioden ikkje representert i arbeidsutvalet. Verneområdestyret bør difor vurdere om fylkeskommunane bør ha ein vararepresentant i arbeidsutvalet.



## Konklusjon

Det vert oppnemnd vararepresentantar til arbeidsutvalet i verneområdestyret for SVR.  
Det bør veljast to faste vararepresentantar til arbeidsutvalet i verneområdestyret.  
Verneområdestyret oppnemner sjølv vararepresentantane.



**Verneområdestyret**  
**Setesdal Vesthei,**  
**Ryfylkeheiane og**  
**Frafjordheiane**

Postadresse  
Postboks 504  
4804 ARENDAL

Besøksadresse  
Kommunehuset, 4440  
Tonstad

Kontakt  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47 38 17 62 03  
fmavgso@statsforvalteren.no  
www.svr.no

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2022/729-0

Saksbehandler: Guro Sødergren

Dato: 09.06.2022

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	28/22	20.06.2022

### **Klage/ending av søknad angående utviding av bygningsmasse ved Skjerlevatn, gnr/bnr 102/108, i Hægebostad kommune**

#### **Vedlegg:**

- 1 Hægebostad - Skjerlevatn - 102/108 - kommentarer til vedtak - utviding av bygningsmasse med nytt anneks**

#### **Forvalters innstilling**

I henhold til forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane kap. IV pkt.1.1 avslår verneområdestyret for SVR søknaden fra Jone Haugland om å bygge et tilbygg til et skjul ved Skjerlevatn i Hægebostad kommune.

Verneområdestyret legger vekt på at søker fra før har to driftshytter på eiendommen. Tiltaket innebærer ei bruksendring fra uthus, til kombinert bruk til opphold, overnatting og vedskjul. Verneområdestyret viser her til forvaltningsplanen kap. 2.3.4 om at det ikke er anledning til bruksendring av uthus. En tillatelse som omsøkt vil ha stor presedensvirkning ved at enkeltstående uthus tillates omgjort til opphold og overnatting, og i praksis en rekke nye driftshytter i verneområdet. Ei slik utvikling vil påvirke verneverdiene nevneverdig og det er derfor ikke anledning til å gi dispensasjon etter naturmangfoldloven § 48.

#### **Saksopplysninger**

##### Kort sakshistorikk:

Verneområdestyret for SVR avslå søknad om utvidelse av bygningsmasse (bygging av nytt anneks) datert den 2 .mai 2022.

Vedtak fra møte 2.mai 2022:

I henhold til naturmangfoldloven § 48 avslår arbeidsutvalget i verneområdestyret for SVR søknaden om bygging av anneks til ei jakthytte ved Skjerlevatn. I henhold til forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde kap. IV pkt. 1.1, er det forbud mot oppføring av nye bygninger i verneområdet. Arbeidsutvalget legger vekt på at søker fra før har to driftshytter på eiendommen. Arbeidsutvalget ønsker ikke å åpne for en praksis der utvidelse av eksisterende driftshytter skjer gjennom bygging av separate bygg med standard tilnærma ei ny driftshytte. En tillatelse til tiltaket slik det er søkt om vil ha stor presedensvirkning og vil på sikt kunne medføre en rekke nye driftshusvære i verneområdene. En slik utvikling vil være i strid med verneformålet og det er derfor ikke grunnlag for å gi dispensasjon etter §48 i naturmangfoldloven, første ledd.

Tiltakshaver, Jone Haugland, sendte inn klage/ ny søknad mottatt den 9 mai 2022.

### Bakgrunn for klage/ending av søknad

Det blir understreket i søknaden at det ikke er en direkte klage, men et forsøk å imøtekomme punkter fra vedtaket som ble fattet av verneområdestyret 2 mai. 2022.

Det ble søkt om å bygge et anneks med innvendig areal på 12 kvm. Formålet med å utvide arealet er å få plass til et helt jaktlag for elg slik at det er mulig å få ut elgen uten å bruke helikopter.


Tiltakshaver fikk avslag på å bygge et ekstra bygg og søker derfor nå om å få omgjøre dagens skjul på 5 kvm til et kombibyg ( skjul og soverom). Med ekstra soverom på 3x3 meter innvendig areal blir totalt utvendig arela 19 kvm for hele dette kombibygget. Det er 3 kvm mindre enn opprinnelig søknad. Kravet om at utviding skal skje gjennom utviding av eksisterende bygninger vil ifølge søker være oppfylt. Da vil det ikke bli noe ekstrabygg. Terrenget der hovedbygget (jaktbua) er plassert gjør det ikke mulig å få til å bygge uten å rive det helt å bygge nytt.





Blå prikk viser hvor Skjerlevatn og jakthytta ligger i Hægebostad kommune.

Skisse av nytt kombibygg



Skisse med dører og vinduer. Terrenget skråner, derfor er sørsiden tegnet høyere enn nordsiden.

Skisse av kombibygg.



*Flyfoto viser uthuset som det omsøkes å bygge ut er markert med gult.*

#### Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene landskapsvernområde av 28.4.00.
- Forvaltningsplan for SVR, godkjent 2015.
- Naturmangfoldloven.

#### Hjemmelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene landskapsvernområde ble vernet ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000.

Formålet med vernet går frem av kapittel III i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene landskapsvernområde:

- “1. Å ta vare på et sammenhengende, særpreget og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområder med et særpreget plante- og dyreliv, stølsområder, beitelandskap og kulturminner.
2. Å ta vare på et sammenhengende fjellområde som leveområde for den sørligste villreinstammen i Europa. “

Verneforskriftens kapittel IV punkt 1.1 forbyr inngrep som “*vesentlig kan endre landskapets art eller karakter*”. Forskriftens opplisting under punkt 1.1 setter et generelt forbud mot nye bygninger.

I verneforskriften kapitel IV punkt 1.3 c kan forvaltningsmyndigheten på nærmere vilkår gi dispensasjon til mindre tilbygg til eksisterende bygninger.



## *Naturmangfoldloven*

Etter § 7 i naturmangfoldloven skal de miljørettslige prinsippene i §§ 8-12 legges til grunn som retningslinjer ved utøvelse av offentlig myndighet. Forvaltningsmyndigheten må vurdere søknaden etter disse prinsippene ved alle tiltak som vedrører naturmangfoldet, og disse vurderingene skal fremgå av beslutningen.

Naturmangfoldloven § 48, dispensasjon når det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig:

Det er to vilkår for dispensasjon etter denne bestemmelsen og begge vilkårene må være utfylt for at dispensasjon kan gis:

- 1) Tiltaket kan ikke påvirke verneverdiene nevneverdig, og
- 2) Tiltaket må ikke stride mot vernevedtakets formål.

## *Forvaltningsplan*

Nye bygninger og større utvidelser av eksisterende bygninger vil kunne være et trussel mot verneverdiene og i strid med verneformålet. En forutsetning for dispensasjon er derfor at det kan dokumenteres et konkret behov og at tiltaket kan gjennomføres uten nevneverdig negativ effekt på verneverdiene og at tiltaket ikke er i strid med verneformålet. Når det gjelder begrepet « konkret behov » vil det i sammenheng med nybygg bety en grundig dokumentasjon av at søker har næringsvirksomhet i området og at det er konkrete årsaker til at tiltaket er helt nødvendig for virksomheten.

Selv om forvaltningsplanen har en øvre arealgrense for de fleste type bygg, er det på ingen måte automatikk i at det blir gitt dispensasjon til å bygge opp mot denne arealgrensa. I hver søknad vil det bli gjort en vurdering av de dokumenterte behovene og innvirkning tiltaket vil ha på verneverdiene og verneformål.

I forvaltningsplanen er det listet opp generelle retningslinjer for byggesaker. Her er det blant annet nevnt at det er ikke mulighet til bruksendring av uthus, ,utløer, naust og lignende (jf. plan og bygningsloven).

Tallet på bygninger i verneområde skal holdes på et nivå som ikke er i strid med verneverdier og verneformål. Inngrep i nye området skal unngås, og ved behov for å øke bygningsmasse skal dette skje gjennom utvidelse av eksisterende bygninger.

Styret for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmyndighet for Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

## **Vurdering**

Forvalter behandler saken som en ny søknad og ikke klage. Forvalter har behandlet saken etter § 48 i naturmangfoldloven. Saken kan ikke behandles etter verneforskriften kapittel IV punkt 1.3. c da tilbygget i denne saken er tre ganger så stort som selve skjuleet.

Årsaken til at første søknad ble avslått var at det da ble søkt om å bygge et frittstående bygg (anneks) for å utvide bygningsmassen. Forvaltningsmyndigheten ønsker ikke å åpne for en praksis der utvidelse av bygningsmasse skjer gjennom bygging av separate bygg med standard tilnærmet en ny driftehytte. En slik tillatelse ville fått en stor presedensvirkning.

Med bakgrunn i første behandling da det ble presisert at utvidelser skal skje gjennom eksisterende bygninger har tiltakshaver nå endret søknaden til å gjelde utvidelse av et skjul. Skjulet ligger noen meter fra jakthytta som han nå søker om å utvide til et kombibygget med BYA på 19 kvm.

Saken innebærer en vanskelig avveining. En utviding av hovedhytta til inntil 50 m<sup>2</sup> BYA ville vært en relativt kurant sak, og det er vanskelig å se den praktiske forskjellen om en slik utvidelse i stedet skjer på uthuset. Forvalter mener det likevel må legges avgjørende vekt på at et forbud mot bruksendring er særlig vektlagt i forvaltningsplanen kap. 2.3.4. I verneområdet finns det 350 bygninger der flere har uthus, det kan forventes tilsvarende søknader om en åpnet opp for en slik bruksendring. I praksis vil en da kunne få en rekke nye driftshusvære i verneområdet. Ei slik utvikling vil påvirke verneverdiene nevneverdig og det er derfor ikke anledning til å gi dispensasjon etter naturmangfoldloven § 48.

Området hvor jakthytta ligger plassert, må karakteriseres som randområde for villreinen, men er fortsatt innenfor nasjonalt villreinområde. Det er senest våren 2022 sikre observasjoner av en flokk villrein på nærmere 30 dyr nord i Hægebostad kommune. Spesielt bukker kan finne på å bruke området til vinterbeite, særlig dersom de mer «sentrale» områdene er nediset. Det er mange år siden sist det var sett villrein i Hægebostad. Observasjonene fra våren 2022 viser imidlertid at villreinen kan ta i bruk området på nytt. Etter søk i Naturbase for sensitive arter er det registrert forekomster av rødlistet rovfugl nord i Hægebostad, -men lokaltietene er i god avstand fra Skjerlevatnet hvor jakthytta ligger. Forvalter kan ikke finne registrerte sårbare kulturminner. Kunnskapsgrunnlaget §8 vurderes ut fra forannevnte, som godt, og det blir derfor lagt mindre vekt på føre var-prinsippet.

Økosystemtilnærming og samlet belastning, jf. § 10: Eiendommen har i dag tre bygninger, ei jaktbu med skjul nord for Skjerlevatn. Og ei lita bu, «gamle hytta», som ligger i Vestvassdalen. Det er blitt gitt flere dispensasjoner til bruk av helikopter i forbindelse med frakt av felt vilt og transport av proviant, utstyr, material o.l til jakthytta ved Skjerlevatn. Videre sør i kommunen her det blitt gitt flere dispensasjoner til bruk av snøskuter/helikopter til hytter.

Kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver § 11:  
Det blir ikke gjort noen vurderinger etter denne bestemmelsen, da forvalters innstilling er avslag

Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder, jf. § 12;  
Det blir ikke gjort noen vurderinger etter denne paragrafen da forvalters innstilling er avslag.



## Konklusjon

Det blir vektlagt i avslaget at søker har to drifthusvære på eiendommen fra før. En tillatelse som omsøkt vil ha stor presedensvirkning ved at enkeltstående uthus tillates omgjort til opphold og overnatting, og i praksis en rekke nye driftshytter i verneområdet. Vilkår i naturmangfoldloven § 48 utfylles ikke og det kan derfor ikke gis tillatelse til søknaden.

Til: Forvaltningssekretariatet for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane (SVR)

Fra: Jone Haugland, Kolhaug 8, 4340 BRYNE – eier av Vestvassdalen gnr. 102 bnr. 108.

**Klage på sak 2022/729-0 432.2 angående utviding av bygningsmasse ved Skjerlevatn i Hægebostad.**

Dette er ikke en direkte klage, men et forsøk på å imøtekomme punkter fra vedtaket. Klagen trenger derfor ikke å videresendes til Miljødirektoratet.

Det ble søkt om å bygge et anneks med innvendig areal på 12 kvadratmeter. Nåværende jaktbu og skjul er 30 kvadratmeter og oppført i 2007/2008. 30 kvadratmeter var maksimal størrelse den gang. Senere har maksimal størrelse blitt økt. Formålet med utvidingen er å få plass til et helt jaktlag for elg samt være så mange mann at elgen kan bæres ut i stedet for å bruke helikopter. Bruk av helikopter er verken billig eller miljøvennlig. Området er bratt og kupert. Mellom 6 og 10 km å bære elgen.

Den viktigste grunnen til avslaget var at jeg ønsket å realisere utvidelsen som ett ekstra bygg. Terrenget er slik at det er vanskelig å utvide hovedbygget uten å rive det. I stedet kan jeg realisere utvidelsen ved å omgjøre dagens skjul på 5 kvadratmeter til et kombibygget (skjul og soverom). Da blir det ikke noe ekstra bygg. Med ekstra soverom på 3 \* 3 meter innvendig areal blir totalt utvendig areal 19 kvadratmeter for hele dette kombibygget. Det er 3 kvadratmeter mindre enn opprinnelig søknad. Kravet om at utviding skal skje gjennom utviding av eksisterende bygninger anses dermed som oppfylt.

Det ble i avslaget vist til presedens og faren for mange liknende søknader. Da maksimalt areal ble utvidet ble det sagt at de fleste eksisterende hytter var gamle og allerede var større enn nytt maksimalt areal. Det ble dermed sagt at maksimalt areal kunne utvides da antall søknader kom til å bli få. Det gjelder nok fortsatt. Det har vel heller ikke kommet mange andre søknader.

Ifm. arbeidet med forvaltningsplanen ble det sagt at utvidelse for å få plass til helt jaktlag var et godt argument. Her blir det i tillegg utvidelse for å redusere bruken av helikopter. Jakten blir forhåpentligvis ferdig fortere når flere mann er med. Dette reduserer antall dager med forstyrrelser.

Lokasjonen er bare 1 km fra verneområdegrensen. Plassering samt skisse av bygg på neste side.

Oppsummering: Ønsker å utvide for å få plass til et helt jaktlag samt å ha sengeplasser nok til at felt elg lettere kan bæres ut. Helikopter til frakt av elg er dyrt og ikke alltid mulig å få tak i. Med nok sengeplasser kan bruken av helikopter reduseres til et minimum.





Jone Haugland

## Plassering.

Plassering av kombibbygg (rød ramme med dagens skjul øverst) i forhold til jaktbu (midten nede).



## Skisse av nytt kombibbygg



Skisse med dører og vinduer. Terrenget skråner, derfor er sørsiden tegnet høyere enn nordsiden.



**Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 504  
4804 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Setesdalsmuseet Rysstad,  
Setesdalsvegen 3273, 4748  
Rysstad

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47  
finavjth@statsforvalteren.no  
www.svr.no

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2022/4860-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 24.05.2022

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	29/22	20.06.2022

### **Søknad om utviding av gjetarhytte Skarvebu og søknad om landingsløyve for helikopter. Gnr. 5, bnr. 9 Pytten. Bygland kommune.**

Vedlegg:

- 1 Bygland - 59 - søknad om utviding av hytta Skarvebu
- 2 Vedr. tilbygg Skarvebu

#### **Forvalters innstilling**

Med heimel i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde* kap. 4 pkt. 1.3 bokstav c, får Jan Ove Pytten Flodquist løyve til å føre opp eit tilbygg på inntil 27,7 m<sup>2</sup> BYA på eksisterande gjetarhytte Skarvebu, gnr. 5, bnr. 9 i Bygland kommune. Storleiken på gjetarhytta vil etter dette bli 57,7 m<sup>2</sup> BYA.

Løyvet vert gjeven med følgjande vilkår:

- På yttervegg skal det nyttast ståande kledning og med fargebruk som på eksisterande gjetarhytte. Taktekke skal vera med shingel tilsvarande som på eksisterande del av bygningen.
- Maksimalt tillate mønehøgde på tilbygget er 4,5 meter målt frå gjennomsnittleg terrenghøgde.
- Til fundament skal det nyttast naturstein eller støypte pålar. Høgda på fundamenta skal vera maksimalt 50 cm. Planering av byggetomta er ikkje tillate.
- Alt av bygningsavfall skal transporterast ut av verneområdet og leverast på godkjend mottak.
- Byggeløyvet gjeld til 20.6.2025. Forvaltningssekretariatet skal ha melding straks byggearbeidet er ferdig. I meldinga skal det leggest ved bilete av ferdig tiltak.

Tiltakshavar er ansvarleg for å hente inn naudsynt byggeløyve frå Bygland kommune.

Verneområdestyret legg vekt på at sauehald er ein viktig del av inntektsgrunnlaget på garden og der behovet for utviding av gjetarhytta er godt dokumentert. Vidare er garden Pytten gjeven ei særstilling i forvaltningsplanen med vekt på sikring av vidare drift. Eit tilbygg på eksisterande gjetarhytte vil ha liten negativ påverknad på landskapet. Storleiken på tilbygget vurderast som rimeleg i høve til tilsvarande saker.

Med heimel i kapittel IV pkt. 5.4.c i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde* får Jan Ove Pytten Flodquist løyve til landing med helikopter til frakt av materialar og utstyr til Skarvebu gnr. 5, bnr. 9 i Bygland kommune. Løyvet gjeld for inntil fem landingar i perioden 1.8.2022 – 31.10.2022 og er knytt til byggeløyvet gjeven ovanfor. Utgangspunktet for flyginga er båtopptrekket i Langevatn på Ljosland. Godkjend flygerute og landingspunkt er teikna inn på kartet i vedtaket.

Vilkår:

- Flyginga mellom landingspunkta skal skje etter kortaste rute
- For å redusere forstyrring av bufe, vilt og fotturistar, skal helikopteret ikkje flyge lågare enn 300 m over bakken mellom landingspunkta
- Om det blir observert villrein innanfor ein avstand på 400 m. frå landingspunktet skal landing utsettast til faren for forstyrring er over.



For landing med helikopter vil det i mange høve også vera naudsynt med løyve etter *Lov om motorferdsel i utmark*. Søknad om dette må sendast kommunen.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte landing på sin eigedom. Om innehavar av løyvet skal lande på andre sin eigedom oppmodar verneområdestyret om at det vert henta inn samtykke frå aktuelle grunneigarar.

## Saksopplysninger

Jan Ove Pytten Flodquist har søkt om å utvide eksisterende gjetarhytte liggjande mellom Steigilsvatn og Storolavsvatn, gnr. 5, bnr. 9 Pytten i Bygland kommune. Hytta vart bygd i 1974 og har ein storleik på 30 m<sup>2</sup> BYA. I tillegg utedo og uthus på 1,5 m<sup>2</sup> BYA og 12 m<sup>2</sup> BYA. Til saman 43,5 m<sup>2</sup> BYA. Uthuset vert også nytta til hundane. Det vert søkt om eit tilbygg på 27,7 m<sup>2</sup> BYA, fordelt på nytt soverom, nytt kjøkken og utviding av gang. Total bygningsmasse vert med dette 71,2 m<sup>2</sup> BYA.

Eigar har 300 vinterfora sau. Eigedomen Pytten er på om lag 41 000 dekar og der hytta ligg sentralt i beiteområde. Eigedomen inngår i Pytten/Kile beitelag der til saman 6 bruk har om lag 1 000 sau på beite i desse områda. Under sankinga på hausten er det ofte 9 personar som overnattar i hytta og såleis liten plass. Det er også vanskeleg å få tørka kleda når det er så mange personar samla. Søkar skriv at det er trong for fleire personar til sanking men at det ikkje er plass til det slik hytta er no.


I tillegg til nemnde Skarvebu og husa i Pytten, har eigar tre andre driftshusvære på eigedomen: Stikilsøygard (leigd ut i samband med rypejakt), Olavshovd (leigd ut heile året), og hytta ved Halvorsvatn (leigd vekk om hausten i samband med jakt). Sjå plassering i kart nedanfor.

Etter planen skal tilbygget førast opp hausten 2022. Material og utstyr skal flygast inn med helikopter og søknad om dette vert handsama i same saka. Det er søkt om inntil 5 landingar og med flyging frå Ljosland i Åseral. Strekinga går fram av kartet i vedtaket.

Søknad ligg som vedlegg 1 og 2 i saka. Sjå også kart og bilete nedanfor.

Forvaltar har drøfta saka med sakshandsamar i Bygland kommune. For bygningar i tråd med LNF-føremålet i kommuneplanen er det ikkje særskilde bestemningar om storleik. Dokumentert behov vil her vera avgjerande.

*Kart: Skarvebu merka med grønt punkt. Dei andre husværa er merka med raude punkt.  
Frå Pytten til hytta ved Storolavsvatn er det om lag 5 km i luftline.*







*Eksisterende gjetar og utedo.*




*Eksisterende uthus:*






Fasade med tilbygg:



Planteikning:



*Formell bakgrunn for vurdering og vedtak*

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Naturmangfaldlova.
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frarfjordheiane frå 2015

*Heimelsgrunnlag*

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

- Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
- Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa

Etter verneforskrifta kap. 4 pkt. 1.1 er oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar forbode. Etter verneforskrifta kap. 4 pkt. 1.3 bokstav b, kan forvaltningsstyresmakta gi løyve til mindre tilbygg til eksisterande bygningar. Ein føresetnad er då at det ikkje strir mot verneføremålet.

Landing med helikopter i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vert regulert av verneforskrifta kapittel 4 pkt. 5.1. bokstav c, kor det heiter at start og landing med motordrevne luftfarty er forbode. Etter kap. 4 pkt. 5.4. bokstav c kan det gjevast landingsløyve til frakt av materialar til hytter, klopper, brensel, utstyr og proviant til hytter og buer.

#### *Føringar i forvaltningsplanen vedk. utviding av gjetarhytter*

Av forvaltningsplanen kap. 2.3.4 går det fram at det kan gjevast løyve til utviding av eksisterande bygningar opptil ein storleik på 50 m<sup>2</sup> BYA. Det kan gjevast løyve til auka areal utover dette om særlege behov er dokumentert. Føresetnadane for å kunne gi løyve er at tiltaket ikkje strir mot verneføremålet og ikkje er eit trugsmål mot verneverdiane.

#### *Tidlegare saker som har relevans for saka.*

På Fossekuden i Valle fekk Jæren Smalelag løyve til å utvide bygningsmassen frå 50 m<sup>2</sup> BYA til totalt 70 m<sup>2</sup> BYA. Det vart opphavelag søkt om utviding til totalt 85 m<sup>2</sup> BYA. Til gjetarhytte høyrer det også til eit eksisterande uthus på om lag 12 m<sup>2</sup> BYA og hundehus på om lag 5 m<sup>2</sup> BYA. Dette kjem i tillegg til dei nemnde 70 m<sup>2</sup> BYA. Gjetarhytta ved på Fossekuden er hovudbasen for Jæren smalelag sin verksemd i denne delen av heia med om lag 7500 sau i området. På det meste nyttar kring 20 personar hytta samstundes. Ved handsaming etter plan- og bygningslova ga Valle kommune seinare avslag på søknaden. I vedtaket vart det syn til at det i heiplanen er sett ei øvre grense på 50 m<sup>2</sup> BRA.

Ved Dalan i Åseral kommune fekk Kyrkjebygd driftehei løyve til å sette opp ei gjetarhytte på 71 m<sup>2</sup> BYA samt uthus på 18,3 m<sup>2</sup> BYA. Uthuset var til kombinert bruk med driftshytte rett ved. Som vilkår i saka var det sett at eksisterande driftshusvære på plassen skulle rivast. Beitelaget her har om lag 1600 sau i området og opp til 25 brukarar av gjetarhytta samstundes

I møte i arbeidsutvalet 2.5.2022, sak 25/22, utsette arbeidsutvalet handsaming av søknad frå Stavanger turistforening om utviding og fasadeendring av uthus på turisthytta Melands – Grønehei i Vormedalsheia landskapsvernområde. Utviding gjaldt eit tilbygg på 19 m<sup>2</sup> BYA slik at bygningen fekk eit samla areal på 55 m<sup>2</sup> BYA. Saka vart utsett til verneområdestyret har hatt ein gjennomgang av samla belastning for verneområda. I nemnde sak var det i innstillinga frå forvaltar synt til nemnde gjennomgang av samla belastning og at nye søknadar om utvidingar av turistforeiningane sine anlegg ikkje ville bli handsama før verneområdestyret har slutført ein slik gjennomgang. Med bakgrunn i nemnde tilhøve legg forvaltar til grunn at utsetting av handsaminga av saker om utviding av eksisterande bygningar, førebels er avgrensa til turistforeininga sine anlegg.

## **Vurdering**

### *Naturmangfaldlova (NML)*

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

### *Kunnskapsgrunnlaget (§8)*

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)), samt frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt. Ein har og nytta kartlegging gjennomført av Norsk Villreinsenter (NVS-rapport 6/210). Opplysningar om kulturminne er henta frå riksantikvaren sin database *kulturminnesøk*.

Områda kring Skarvebu vert jamleg nytta av villreinen og særleg gjennom vinteren. I sommarhalvåret er det i første rekke mindre bukkeflokkar som har tilhald i desse områda.

Dei seinare 3-4 åra har det vore ein tendens til at villreinen i aukande grad nyttar desse områda.

Når det gjeld andre artar er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, truga eller nær truga artar jfr. «Norsk rødliste». Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, truga eller nær truga naturtypar i aktuelle området.

I kulturminnebasen er plassen nemnd som Skavrøylega. Her var det ei driftlege frå 1840-åra til 1904 nytta i samband med leigegjeting. God heller under steinblokk 50 meter vest for eksisterande hytte og med tuft etter løe på sletta nedanfor. Det skal og vera ei tuft etter ei hytta på baksida eksisterande hytte. Det vart slått gras i området i fyste halvdel av 1900-talet. Forbi Skarvebu går den gamle ferdselsvegen (ridevegen) mellom Pytten og Kvinen

Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. § 9 («Føre var prinsippet») vert difor tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

*Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10 i NML).*

Skarvebu ligg i eit område utan større tekniske inngrep. Den ligg i eit dalføre mellom Stegilsvatn og Storolavsvatn, og med Stegilshei som stig bratt opp i bakkant nord for hytta. Plassering og storleiken på tilbygget tilseier at det vert lite synleg i landskapet.

Turistforeininga si merka sommar- og vinterløype Ljosland – Josephsbu går gjennom dalføret. Tal overnattingar på Josephsbu har dei siste åra ligge på om lag 400. Gjennom året er det ein god del ferdsel i løypenettet. Dette gjeld særleg på seinvinteren med utfart både frå Kvinen på Sirdalsida og Ljosland. Ferdsla både i og utanfor løypenett har vore stigane dei seinare åra i takt med aukande hytteutbygging i Åseral og Sirdal.

Det er ein del motorisert ferdsel i området knytt til transport til Josephsbu, stikking av vinterløyper og transport til driftshusvære. I 2021 var det omfattande helikoptertransport strekninga Ljosland – Gaukhei samband med eit støre vedlikehaldsarbeid på Gaukhei turisthytte. Det vert mykje helikoptertrafikk på same strekninga i år i samband med bygging av nye båthus ved Gaukhei.

Bruken av gjetarhytta er avgrensa til bruk under sauesankinga. I tillegg eit fåtal gonger av eigar i samband med jakt. Eit tilbygg gir noko auka kapasitet og fasilitetar på gjetarhytta, men bruken vil i all hovudsak framleis vera avgrensa til sauesankinga.

*Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§ 11 i NML) og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12 i NML)*

Tiltakshavar er ansvarleg for at tiltaket vert gjennomført på ei miljømessig god måte. Det bør stillast vilkår for utforming og materialbruk. Frakt av materialar og utstyr med helikopter vurderast å vera eit godt alternativ til meir omfattande frakt med snøskuter. Det vil også kunne skje ei tid på året då fugl og vilt er mindre sårbar for forstyrring.

#### *Vurdering knytt til storleik og behov.*

Behovet for utviding er godt dokumentert av søkar og forvaltar ser det som viktig å legge til rette for utnytting av beiteressursane i heia. Søkar driv ei aktiv landbruksdrift der sauehald er ein vesentleg del av driftsgrunnlaget. Garden Pytten er særskild nemnd i forvaltningsplanen og med vekt på sikring av vidare drift av fjellgarden.

Søkar har til saman 5 driftshusvære på eigedomen inkludert husværa i Pytten. Såleis skulle behovet for husvære under sauesankinga vera godt dekkja. På den annan side har forvaltar forståing for at det er praktisk å samlast på ei hytte, og at inntekta frå utleige av tre av dei andre husværa er ein viktig del av inntektsgrunnlaget på garden. Skarvebu ligg også praktisk til i høve til organisering av sankinga.

Isolert sett vurderast til bygget å ha liten påverknad på verneverdiane. Samstundes er det viktig at ein også vurderer summen av små og store tiltak i verneområdet over tid. Sidan 2011 er det til saman godkjend snaue 1700 m<sup>2</sup> ny bygningsmasse til saman i alle verneområde verneområdestyret har forvaltningsansvaret for. Det er difor vesentleg at ei i enkeltsaker er medviten på den samla belastning og påverknad over tid.

Etter forvaltningsplanen kan det tillatast utviding til inntil 50 m<sup>2</sup> BYA. Det kan tillatast auka areal om særlege behov er dokumentert. For fritidshytter skal eventuelle uthus inngå i maksimalt tillate BYA. For driftshusvære knytt til landbruksdrift kan storleiken på uthus kome i tillegg.

Skarvebu er eit driftshusvære knytt til garden Pytten, men bruken er i all hovudsak knytt til opphald under sauesankinga. Ved vurdering av storleik på tilbygget er det difor naturleg å samanlikne med kva som vart tillate i nemnde saker på Fossknuden og Dalan.

På Fossekuden vart hovudbygningen tillate med maksimal storleik 70 m<sup>2</sup> BYA, på Dalan vart det tillate maksimalt 71 m<sup>2</sup> BYA på hovudbygning. For baa desse bygningane er det knytt ei større sauedrift, og fleire folk, enn kva tilfellet er på Skarvebu. Når det på Skarvebu no vert søkt om ei utviding av hovudbygning frå 30 m<sup>2</sup> BYA til maksimalt 57,7 m<sup>2</sup> BYA synast dette rimeleg i høve til behovet, storleiken på drifta samt tidlegare praksis. Dette også gjeldande om ein reknar inn storleiken på total bygningsmasse på dei tre plassane.

I saka på Fossekuden var det ein diskusjon om korleis ei utviding står seg i høve til heieplanen sine føringar om utviding til maks. 50 m<sup>2</sup> BRA (rekna om til BYA vil tal BYA bli høvesvis 53 m<sup>2</sup>). Av heieplanen kap. 2.10.1 går det fram at maksimal storleik gjeld «*støylar og tuffer*». For gjetarhytter er det i Heieplanen ikkje gjeven særskilde føringar om storleik.

#### *Presedensverknad*

Jamfør forvaltningsplanen er det registrert 90 landbruksbygg i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Av desse er anslagsvis 10 bygningar i kategorien gjetarhytter. Utan å vite status på alle må ein likevel forvente at det på fleire av desse vil kome søknad om utviding, og der dei tre sakene som er omtala er med å legge føringar for kva som kan tillatast av storleik. Til skilnad frå andre saker er garden Pytten gjeven ei særstilling i forvaltningsplanen og med vekt på sikring av vidare drift.



### **Konklusjon**

Det vert gjeven løyve til tilbygg på Skarvebu slik det er søkt om. Forvaltar legg vekt på at sauehald er ein viktig del av inntektsgrunnlaget på garden og der behovet for utviding av gjetarhytta er godt dokumentert. Vidare er garden Pytten gjeven ei særstilling i forvaltningsplanen og med vekt på sikring av vidare drift. Eit mindre tilbygg på eksisterande gjetarhytte vil ha liten negativ påverknad på landskapet. Storleiken på tilbygget vurderast som rimeleg i høve til tilsvarende saker

**From:** Jan Ove Flodquist[bondennoa@hotmail.com]

**Sent:** 22.05.2022 22:40:59

**To:** Haug, Jørn Trygve[fmavjth@statsforvalteren.no]

**Subject:** Søknad om utviding av hytta Skarvebu

Jan Ove Pytten Flodquist søker om å utvida Skarvebu som ligg gardsnummer 5, bruksnummer 9, Bygland kommune.

Søker om dispensasjon fra verneforskrifta.

Tiltaket gjeld å utvida Skarvebu med eit nytt soverom, nytt kjøkken og utvida gang.

Hytta blei bygd i 1974. Ho er i underkant av 30 kvadrat. Hytta har vore brukt som gjeterhytte.

Det er to soverom med fire senger, der to av sengene er 1.20 meter. Der ligg nå to menn i kvar av desse. Det ligg tre personar på golvet i stova. Me har med andre ord liten plass både til å sova, til opphald og tørking av klede. To må sitja i sofaen når me et middag. Me er veldig lei av å måtta ta på oss våte klede når me skal ut på samling neste dag. Dei fleste av oss sit på pinnestolar sidan det ikkje er plass til anna møblement.

Me hadde trengt fleire folk på samling, men me klarer ikkje å stu inn fleire i hytta slik som ho er nå. Me har fleire damer som ynskjer å vera med, men med butilhøva slik dei er nå, let dette seg ikkje gjera.

Det er eit bygg på 3x4 meter som er til ved og søppel, og til hundane. Det er ein dass på 1.5x1 meter.

Me har om lag 1000 sau i heia, og me har ein lang ytterkant mot vest der me ikkje set ned sau i viktig beiteområde for villreinen. Men me må samla og leita her sidan dyra trekk inn i desse områda. Grunneigar gjer mykje for å ta vare på villreinen, og dette tiltaket vil ikkje ha negative konsekvensar for verneverdien.

Me har tenkte å frakta materiala inn med helikopter. Kor mange turar me treng, veit me ikkje på den nåverande tidspunkt. Om lag 5-6 turar vil me anslå. Flyginga kan me gjera frå vegen ved Langevatn. Det blir altså ikkje så lang flyging. Prosjektet er tenkt påbegynt i august 2022, slik at det er klar til samling.

Påbygget er 27,7 kvadrat.

Bilete frå innsida av hytta blir sendt i eigen e-post.

Dette er veldig viktig å få til for rekrutering og trivsel for me som allereie bruker hytta.

Håpar på eit positivt svar.

Mvh

Jan Ove Pytten Flodquist



**From:** Jan Ove Flodquist[bondennoa@hotmail.com]

**Sent:** 25.05.2022 13:49:17

**To:** Haug, Jørn Trygve[fmavjth@statsforvalteren.no]

**Subject:** Vedr. tilbygg Skarvebu

hei dei gamle bygningan er utvendig mål.bya.

me er 9 mann på samling.det er ikkje plass på gulvet til fler.

jeg har 300 vinterfora sau.

husa i Pytten bruker jeg selv

der er me når me samler på austsia av monn.

stikilsøygard er vekleigd til rypejakt.ligger i vestenden av stigilsvann

skarvebu ligger i stikilsdalen mot olavsvann.denna brukes til saueleiting heile hausten.dene er ikkje vekleigd.

olavshovd hytta m olavsvann er vekleigd heile året

halvorsvann er vekleigd om hausten til jakt.resten selv.

søker om 4 helikopter ture inn og 1 tur utt m søpel utstyr fra/til skarvebu i august/september

i forbinelse med snikringa.

hilsen jan ove

Sendt fra min Galaxy

----- Opprinnelig melding -----

Fra: "Haug, Jørn Trygve" <fmavjth@statsforvalteren.no>

Dato: 25.05.2022 07:59 (GMT+01:00)

Til: Jan Ove Flodquist <bondennoa@hotmail.com>

Emne: Vedr. tilbygg Skarvebu

Hei, syner til søknad. Eg har nokre få spørsmål til eg skulle hatt svar på. Fint om du gir meg attendemelding på e-post:

- Storleiken du har oppgjeve på eksisterande hytte og uthus; er måla gjeven i bygd areal (BYA) eller bruksareal (BRA)?
- Kor mange personar pleier de å vera under sanking? Kan det stemme med 9?
- Tal vinterfora sau du har sjølv
- Kart som syner plassering av dei andre driftshusværa du har knytt til Pytten (evt. berre list dei opp med plassering og om dei vert leigd ut eller ikkje).

Så er det fint om du i same e-post får med at det også vert søkt om helikoptertransport (tal hiv + landingsplassar).

Venleg helsing

*Jørn Trygve Haug*

Verneområdeforvaltar

Tlf. 38 17 62 06/ 95 20 70 83

[www.svr.no](http://www.svr.no)



**Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane**



**Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 504  
4804 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Kommunehuset, 4440  
Tonstad

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47 38 17 62 03  
fmavgso@statsforvalteren.no  
www.svr.no

## Saksfremlegg


Arkivsaksnr: 2022/4080-0



Saksbehandler: Guro Sødergren



Dato: 11.06.2022



**U.off: offl. § 13, jf. fvl. § 13**

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	30/22	20.06.2022









**ST 31/22 Eventuelt**